

# Agder Historielag

Postboks 136  
4662 Kristiansand S  
kontakt@agderhistorielag.no  
Tlf. 38 10 74 21



## ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR AGDER HISTORIELAG LAURDAG 27. APRIL 2013

**Stad:** Dølen hotell på Evje kl.11.00-14.30.

**Til stades:** 60 frammøtte, inkludert skrivar og styre.

**Innleiing:** Styreleiar Beint Foss ynskte velkommen.

Anne Tone Aanby heldt føredrag om den flotte skipsbyggjetradisjonen i Vikkilen – som var den staden i landet der verfta låg tettast i siglskutetida. Føredraget hadde tittelen ”Skipsbyggmesterens tid 1750-1920”. Ho fekk velfortente blomar etter føredraget. Klokka 12.00 var det god varmbuffet med dessertbord, og 13.15 tok årsmøtet til.

### Sak 1 VAL AV MØTELEIAR

Kristian Sundtoft vart vald til møteleiar.

### Sak 2 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Innkallinga og saklista vart godkjend, og av dei totalt 60 frammøtte, var 48 røysteføre (skrivar og 11 abonnentar var utan røysterett).

### Sak 3 VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLLEN

Svein Harald Follerås (Finsland Historielag) og Astrid Stuestøl Sandkjær (Landvik Historielag) vart valde til å skrive under protokollen.

### Sak 4 GODKJENNING AV ÅRSMELDING

Det var ein merknad til årsmeldinga: At UiA-seminaret var i Kr.sand, ikkje i Arendal. Årsmeldinga vart samrøystes godkjend med denne merknaden.

### Sak 5 GODKJENNING AV REKNESKAPEN

Rekneskapen viste 77.192 kroner i overskot i 2012. Rekneskapen var revidert og funnen i orden, jamfør revisjonsmeldinga som var lagt fram før møtet. Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

### Sak 6 INNOMNE FRAMLEGG

Det var ingen innkomne framlegg, så denne saka gjekk ut.

### Sak 7 BUDSJETT

Årsmøtet gjekk samrøystes inn for budsjettet som vart lagt fram før møtet.

### Sak 8 VAL

I valnemnda sat Ellinor Lundberg (Arendal), Kjell Ove Sætren (Mandal), Torgeir Retterstøl (Eide) og Anne-Berit Erfjord (Kvinesdal). Noko alternativt framlegg kom ikkje fram, og valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Straks før årsmøtet var heva, takka leiaren for tilliten og delte ut blomar til avtroppende valnemndmedlem Ellinor Lundberg. Beint Foss nytta høvet til å orientere om tilhøva i Landslaget for Lokalhistorie og svare på spørsmål i høve heimeside for lokallaga. Spørsmålet om fleire til turnemnda vart teke opp, og Ivar Haugen vart klappa inn i nemnda.

Styret i Agder Historielag:

AUST-AGDER	DIREKTE MEDL.	VEST-AGDER	DIREKTE MEDL.
Styremedlem	Kristian Sundtoft	Styremedlem	Beint Foss
Ikkje på val, 1 år att	V.Moland+Lill.historielag	Attvald for 2 år	Tveit Historielag
<i>Varamedl.</i>	<i>Lars Petter Østby</i>	<i>Varamedl.</i>	<i>Helge Wiig</i>
<i>Ikkje på val, 1 år att</i>	<i>Hovåg Museums- &amp; hist.lag</i>	<i>Attvald for 2 år</i>	<i>Holum Historielag</i>
AUST-AGDER	LOKALLAGSMEDL.	VEST-AGDER	LOKALLAGSMEDL.
Styremedlem	Birgit Attestog	Styremedlem	Inge Augland
Attvald for 2 år	Setesdal	Attvald for 2 år	Torridal Historielag
<i>Varamedl.</i>	<i>John Seldal</i>	<i>Varamedl.</i>	<i>Bjug Åkre</i>
<i>Attvald for 2 år</i>	<i>Øystad Historielag</i>	<i>Attvald for 2 år</i>	<i>Direktemedlem</i>
Styremedlem	Gunnar Torstensen	Styremedlem	Ragnhild S. Larsen
Ikkje på val, 1 år att	Tromøy Historielag	Ikkje på val, 1 år att	Flekkefjord Hist.lag
<i>Varamedl.</i>	<i>Sveinung Lien</i>	<i>Varamedl.</i>	<i>Kenneth Trælandshei</i>
<i>Ikkje på val, 1 år att</i>	<i>Tvedstrand Historielag</i>	<i>Ikkje på val, 1 år att</i>	<i>Kvinesdal Historielag</i>
Styremedlem	Eilert Skjævestad	Styremedlem	Liv Kirsten Rølland
Attvald for 2 år	Tromøy Historielag	Ikkje på val, 1 år att	Vennesla Historielag
<i>Varamedl.</i>	<i>Knut Engelskjøn</i>	<i>Varamedl.</i>	<i>Gerd Lillian Olsen</i>
<i>Attvald for 2 år</i>	<i>Austre Moland Historielag</i>	<i>Ikkje på val, 1 år att</i>	<i>Søgne Historielag</i>


Leiar: Beint Foss frå Tveit, attvald for 1 år

Nestleiar: Eilert Skjævestad , attvald for 1 år

Revisjon/ettersyn av rekneskap: Fylkesrevisjonen i Vest-Agder

Utsending til landsmøtet i LLH: Kristian Sundtoft

Valnemnda: Torgeir Retterstøl (Eide Sognelag, ikkje på val, 1 år att), Ellen Ledaal-Gjertsen (Arendal Historielag, nyvald for 2 år), Anne-Berit Erfjord (Kvinesdal Historielag, ikkje på val, 1 år att), Kjell Ove Sætren (Mandal Historielag, attvald for 2 år).

  
Astrid Stuestøl Sandkjær

  
Svein Harald Follerås

Referent: Borghild Løver